



Lindås ungdomsskule
5955 LINDÅS
Tlf. 56375054
lindas.ungdomsskule
@lindas.kommune.no

REFERAT FRÅ MØTE I FAU 12.09.2018

Dei som møtte: Siri Øksnes, klasse 8a, Erlend Vakt skjold, klasse 8b, Vara Nina Egeland, klasse 9a, Marit Sæbø, klasse 9b, Anita Langøy- Jørgenvik, klasse 10a, Solveig Holsen, klasse 10b og Henriette Rolland, rektor. I tillegg var vararepresentant Hege Lie, klasse 10b, med på møtet. Møtte ikkje: Tore Gjerstad, klasse 9a.

Tidspunkt: Onsdag 12.september 2018 klokka 19.00.

Møtet starta med at Henriette informerte ein del om FAU sine oppgåver og arbeid. FAU sitt hovudmål er å vere eit bindeledd mellom heim og skule. Dei skal bidra til eit godt skule- heim samarbeid og bidra til eit godt skulemiljø. Dei skal i samband med dette prøve å skaffe midlar som kan føre til auka aktivitet for elevane. FAU sine faste oppgåver er:

- Lage foreldrekafe på elevkveldane til 8.trinn og 10.trinn
- Skaffe vakter til skuleballet, fire vakter frå kvar klasse
- Arrangere barnediscotek i Lindåshallen
- Vere med på, saman med barneskulen, å arrangere 17.mai på Lindås. 8.trinn
- Vere med på å arrangere avslutningsfest for 10.trinn i Haugatun
- Eventuelt lage til 16.mai arrangement om kvelden for 10.klasse. 10.trinn

Sakliste:

Sak 1 – 18/19 Konstituering av nytt FAU

- Val av leiar: SIRI ØKSNES
- Val av nestleiar: ANITA LANGØY- JØRGENVIK
- Val av skriver: ERLEND VAKTSKJOLD
- Val av kasserar: SOLVEIG HOLSEN
- Val av representantar til SU (samarbeidsutvalet) og SMU (skulemiljøutval) SIRI ØKSNES OG ANITA LANGØY- JØRGENVIK
- Kommunalt FAU: TORE GJERSTAD

Sak 2 – 18/19 Setje opp møteplan for hausten. Vi diskuterte møtedag og tidspunkt. Vi bestemte oss for tysdag som møtedag, og tidspunkt klokka 18:00- 20:00. Vi må prøve å halde oss innafor denne tidsramma.

Møtedagane blir i FAU: tysdag 16.10.18, tysdag 27.11.2018, tysdag 08.01.2019, tysdag 05.03.2019, tysdag 07.05.2019 og tysdag 11.06.2019.

Møtedagar i SU/SMU: onsdag 07.11.2018 og 10.04.2019

Sak 3 – 18/19 Økonomi. Solveig Holsen informerte om økonomien. FAU hadde ved starten av skuleåret 2017-2018 ikkje så mykje pengar i kassen. Organet har sett seg som mål å betale heile bussturen til Jotunfjell leirskule, men dette lot seg ikkje gjere i fjor. I år er den økonomiske situasjonen betre. Inntening på Barnedisco var god, og framleis er det uavklart kor mykje pengar som kjem inn frå 17.mai. Ved å halde fram med barnedisco, vil inntekta bli stabil. Rekneskapen for 207-2018, vil bli lagt ut på skulen si heimeside. I løpet av fjoråret, fekk FAU sitt eige organisasjonsnummer i Brøbbøysundregisteret og vi fekk oppretta VIPPS. Mange foreldre brukar Vipps i ulike betalingssamanhengar.

FAU konkludert med å oerføre 30.000,- kroner til buss dette året. Dei blir sett inn på skulen sin gåvekonto: 32010589311, ansvar 3320, objekt O10011.

Sak 4 – 18/19 Skriv og meldingar og Info frå skulen

Henriette informerte kort om MOT- arbeidet ved skulen og om arbeid for ei betre psykisk helse. Verdass psykiske helsedag vil bli markert 05.oktober. Ho delte og ut skulen sin ny Aktivitetsplan som vart laga gjennom fjoråret i samband med den nye §9a som kom i fjor. Det vart og fortalt at elevane på 9.trinn har vore på tur med Ostre, elevane på 10.trinn har vore i Jotunheimen, 8.trinn og 10.trinn skal få vere med på ei historisk reise fredag og 8.trinn reiser på «bli kjent tur» til Lyngheiseret neste onsdag.

Sak 5 - 18/19 Ymse.

I samband med arrangement av barnedisco, bestemte vi oss for desse datoane: fredag 02.11.2018, tema Halloween, ansvar 9.trinn, fredag 08.februar, tema karneval, ansvar 8.trinn, fredag 05.april, tema?, ansvar 10.trinn.

Henriette delte ut orden og åtferdsreglementet. Dette vart grundig jobba med skuleåret 2011- 2012. Særleg reglane om bruk av mobiltelefon vart endra i desse reglane. Elevane kan bruke mobiltelefon i friminuttane. Mange ønskjer ei mobilfri skule. Dette er ei sak vi må diskutere grundig på neste møte i FAU, det er ei kompleks og vanskeleg sak. Alle må tenkje godt gjennom sitt eige standpunkt før møtet, og vi tar ei rekkjeframlegging og prøver å konkludere med ei felles uttale frå FAU. Saka må og diskuteras i elevrådet, i lærarkollegiet og vil, til sist, bli handsama i SU.

Henriette Rolland

- rektor-